

Stort tysdagsbesøk og sal for over 2 000

05.07.2011



**No har sommar-invasjonen starta i Uskedalen, i alle fall hvis
ein skal dømma etter besøket på Cafe TI-aren på tysdagane.
Sist tysdag var 41 vaksne og 5 born innom og denne tysdagen kom det
så mange at dugnadsdamene hadde problem med teljinga.
Men dei meiner at 60 vaksne og 16 born var innom og det betydde
eit sal for i overkant av 2000 kroner. Kafeen har med andre ord hatt
ein av sine beste dagar.**

Og det er igjen grunn til å minna om at TI-aren ikkje har noko som kostar over 10 kroner!

Dei fleste sat som rimeleg var ute ettersom det faktisk var sommar i lufta.
Stemningen var riktig god, med fløytespel og målar i arbeid sentralt på
plattingen. (biletet over)

Tidlegare på dagen hadde 7 retta seg etter oppmodinga frå helselaget om å gå
ein tur først i nærområdet, og dei er på veg ned Geilo på biletet under.

Foto: Ola Matti Mathisen

